

Ordning for vigsling av kirkebygg

1. Biskopen tillyser og er ansvarlig for vigslingsgudstjenesten. Biskopen er hovedliturg og leder vigslingsgudstjenesten fra starten av.
2. Ordning for vigsling av kirkebygg følger Ordning for hovedgudstjeneste med de endringer som går fram av det følgende. Kirkebygget og inventar vigsles ved gudstjenesten som helhet, ved å tas i bruk, og ved lesning og bønn.
3. Under ledd 2 | Inngangssalme, går prosesjonen inn i kirken under preludiet. Under prosesjonen kan det ringes med alle klokker eller det kan kimes.

Prosesjonskors bæres først i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpskanne med vann, disk og kalk med brød og vin bæres også inn. Andre deler av interiøret som en finner hensiktsmessig kan også bæres inn, slik som tekstiler og egnede deler av teknisk utstyr. Liturgiske gjenstander settes på plass der de skal brukes.

4. Som medliturger og tekstlesere brukes et representativt utvalg fra menigheten.
5. I ledd 8 kan tekster og bønner utelates, byttes eller legges til. Rekkefølgen for de ulike lesningene og bønnene kan også endres. Dette gjelder dersom særskilte hensyn tilsier det, for eksempel hvordan kirkerommet er bygget, inndelt og brukes, om det er orgel eller faste instrumenter, tekstiler eller andre gjenstander av særskilt betydning.

Det skal likevel alltid leses tekst og bes for alter, døpefont og prekestol.

6. I ledd 8 synges det ett eller to salmevers etter hver av lesningene og bønnene. Salmeversene kan være fra en eller flere passende salmer. Det er også mulig med korsang eller annen musikk mellom bønn og lesning, avhengig av lokale forhold.
7. Det er mulig å gå til angitte steder i rommet i ledd 8. Det er også mulig å be alle bønner fra alter og lesepult
 - Tekstleser kan lese tekstene fra lesepulten eller fra angitt sted (for eksempel inngangsdør, prekestol etc.)
 - Bønnene kan bes ved alteret eller fra angitt sted

8. Utgangsprosesjonen i ledd 24 markerer avslutningen av gudstjenesten før en eventuell samling i kirkerommet med hilsner.

I. Samling

1 | Forberedelse

Klokkene ringer.

2 | *Inngangssalme

Prosesjonen går inn under inngangssalmen eller en bibelsk salme med passende menighetsomkved. Under prosesjonen kan det ringes med alle klokker eller det kan kimes. Menigheten står mens prosesjonen går inn, under Inngangssalme og frem til etter ledd 3 Hilsen.

3 | *Hilsen

Hilsen holdes fra lesepult eller annet egnet sted

B/L | Nåde være med dere og fred fra Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER

B/L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærlighet og Den hellige ånds samfunn være med dere alle.

ELLER

B/L | I Faderens og (+) Sønnens og Den hellige ånds navn.

ELLER

B/L | I Faderens og (+) Sønnens og Den hellige ånds navn: Vår skaper, frigjører og livgiver.

Inngangsordene fortsetter:

All jorden er full av Guds herlighet. Dette huset vigsles i dag til et hellig sted for Gud og mennesker.

Menigheten setter seg.

4 | **Samlingsbønn**

Følgende samlingsbønn kan leses fra lesepult eller annet egnet sted.

L/ML | La oss be:

Gud, vi er sammen for ditt ansikt.

I skyggen av dine vinger søker menneskebarne ly.

I denne kirken/dette kirkerommet skal vi høre ditt ord og feire dåp og nattverd.

La dette være et hellig sted hvor mennesker møter din nåde og sannhet.

Hos deg er livet kilde. I ditt lys ser vi lys.

Kom med din Ånd til alle som søker deg og denne kirken.

Gud, vi ber.

A | **Amen.**

5 | **Syndsbekjennelse**

Følg her eller som ledd 14, jf. lokal grunnordning.

6 | **Bønnerop KYRIE og 7 | Lovsang GLORIA**

Gloria utelates ikke i vigslingsgudstjenesten, selv om gudstjenesten feires under fastetiden, og synges helst i fullstendig form.

II. Vigsling ved lesning og bønn

8 | Lesning og bønn

Biskopen går for alteret.
Menigheten sitter under lesningene og bønnene.

Under lesningene og bønnene er biskop/liturg vendt mot menigheten og stedet som det leses fra.
Biskop/liturg kan også be bønnene fra de angitte stedene i rommet.

Innledende bønn

B vendt mot menigheten | La oss be.

B vendt mot alteret | Gud, velsign denne kirken/dette kirkerommet og alle som kommer hit. Gjør den/det til et sted for tro og tilhørighet.

Salmevers eller annen musikk

Klokkene

Her kan følge lesning og bønn for klokkene.

Lesning

ML | Jesus sier: Den som kommer til meg og hører mine ord og gjør det de sier, jeg skal vise dere hvem han ligner. Han ligner et menneske som skulle bygge et hus, og som gravde dypt og la grunnmuren på fjell. Da flommen kom, brøt elven mot huset, men kunne ikke rokke det, for det var godt bygd. **LUK 6, 47-48**

Bønn

B/ML | La oss be:
Gud, la disse klokkene forkynne din kjærlighet.
La dem kalle oss sammen i gode og onde dager.
La dem lyde om det evige liv.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønnen kan gå til inngangsdøren.

Inngangsdør

Lesning

ML | Det står skrevet i Første Kongebok i det 8. kapittel:

[Da templet i Jerusalem skulle vigsles] Så-sto Salomo for Herrens alter midt foran hele Israels menighet. Han bredte hendene sine ut mot himmelen og sa: Herre, Israels Gud! Det er ingen Gud som du, verken oppe i himmelen eller her nede på jorden.

Men bor Gud virkelig på jorden? Se, himmelen og himlers himmel kan ikke romme deg, langt mindre dette huset som jeg har bygd!

La dine øyne våke over dette huset natt og dag, over det stedet der du har lovet at navnet ditt skal bo.

Da skal alle folkeslag på jorden vite at Herren er Gud, han og ingen annen. **1. KONG 8, 22-23A.27.29A.60**

Bønn

B/ML | Gud, kom med din hellige Ånd og åpne våre hjerter.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønnen kan gå til midtgangen.

Skipet

Lesning

ML | Det står skrevet hos evangelisten Matteus, i det 18. kapittel:

Jesus sier: Hvor to eller tre er samlet i mitt navn, der er jeg midt iblant dem. **MATT 18, 20**

Bønn

B/ML | Gud, du er midt iblant oss. Gjør oss til en bolig for ditt nærvær.

La dette huset/dette rommet være et sted for tilhørighet og trygghet for alle som kommer hit.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønnen kan gå til prekestolen.

Prekestol

Lesning

ML | Det står skrevet hos evangelisten Matteus i det 4. kapittel:

Jesus svarte: «Det står skrevet: Mennesket lever ikke av brød alene, men av hvert ord som kommer fra Guds munn.» **MATT 4, 4**

Bønn

Under bønningen kan tekstbok eller bibel løftes.

B/ML | Gud, du er Ordet fra evighet som ble menneske.
La evangeliet lyde klart og rent fra denne prekestolen.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønningen kan gå til alteret.

Alter

Lesning

ML | Det står skrevet i Paulus' første brev til menigheten i Korint i det 10. kapittel:

Velsignelsens beger som vi velsigner, gir det ikke del i Kristi blod? Brødet som vi bryter, gir det ikke del i Kristi kropp? Fordi det er ett brød, er vi alle én kropp. For vi har alle del i det ene brød. **1 KOR 10, 16-17**

Bønn

Under bønningen kan disk og kalk løftes.

B/ML | Gud, du tar imot våre bønner, våre sorger og gleder.
Du møter oss i nattverdens mysterium.

La dette alteret være et sted der vi får del i livets brød og velsignelsens beger.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønningen kan gå til orgelet eller annet fast instrument.

Orgel eller annet fast instrument

Lesning

ML | Det står skrevet i Salmenes bok, salme 150:

Lovsyng Gud i hans helligdom! Lov ham med gjallende horn. Lov ham med harpe og lyre. Alt som har ånde, skal love Herren. **SALME 150, 1A.3.6**

Bønn

B/ ML | Gud, du som lar lovsang lyde fra småbarns og spedbarns munn, la oss spille og synge med kraft og glede, og fyller denne kirken/dette kirkerommet med ny sang.

Salmevers eller annen musikk

Tekstleser og den som ber bønnen kan gå til døpefonten.

Døpefont

Lesning

ML | Det står skrevet i evangeliet etter Matteus, i det 28. kapittel:

Jesus [trådte fram og] talte til dem: «Jeg har fått all makt i himmelen og på jorden. Gå derfor og gjør alle folkeslag til disipler: Døp dem til Faderens og Sønnens og Den hellige ånds navn og lær dem å holde alt det jeg har befalt dere. Og se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende.» **MATT 28, 18-20**

Bønn

Dåpsvann kan helles i døpefonten under bønnen.

B/ ML | Gud, du gir liv og ånd til stadig nye slekter.

Takk for at dåpens vann er en nådens kilde.

La de som døpes i denne døpefonten reises opp til det nye livet med Jesus Kristus.

I Jesu Kristi navn. Amen.

Salmevers eller annen musikk

Dersom biskopen har bedt bønnene rundt i rommet, går biskopen nå til alteret.

Avsluttende bønn

B | Gud, la denne kirken/dette kirkerommet og alt som hører til i den/det bli til glede, trøst og fellesskap, så det som skjer på dette helligstedet kan forkynne dine storverk, skape fred, vitne sant og bygge rettferd.

Gud, vi ber

A | **Amen**

Salmevers eller annen musikk

Alle som har lest tekst og bedt bønner setter seg under dette salmeverset.

III. Evangelium

9 | Hallelujaomkved og evangelielesning

Halleluja

Evangelielesning

L/ML | Det står skrevet i evangeliet etter ...

Lesningen avsluttes med:

L/ML | Slik lyder det hellige evangelium.

Respons

10 | Preken

Biskopen preker over evangelieteksten eller annen høvelig tekst.

Prekenen kan avsluttes med en av disse lovprisningene:

B | Ære være Faderen og Sønnen og Den hellige ånd, som var og er og blir én sann Gud fra evighet og til evighet.

Eller

B | Ære være Faderen og Sønnen og Den hellige ånd: Vår skaper, frigjører og livgiver.

Etter prekenen følger musikk. Dersom det er nytt/nye instrument(er) til vigslingen, kan det med fordel synliggjøres her. Hvis det ikke er instrumenter i kirken, synges en a cappella-sang eller et korstykke.

Vigslingsgudstjenesten forsetter etter lokal grunnordning til ledd 23 | Slutningsord.

23 | Slutningsord

B | Kjære menighet. Denne kirken og alt som hører til i den er nå tatt i bruk. Ved Guds ord og bønn er det vigslet og helliget. Fred være med dette hus og med alle som går inn og ut av det.

Slutningsordene avsluttes med:

I Faderens og Sønnens og Den Hellige Ånds navn: Vår skaper, frigjører og livgiver.

Her kan følge:

B | La oss gå i fred,

A | **i Jesu Kristi navn.**

Eller

B | Gå i fred. Tjen Herren med glede.

24 | Postludium/Utgangsprosesjon

Liturger og medvirkende går ut i prosesjon.

Utgangsprosesjonen markerer avslutningen av gudstjenesten før en eventuell samling i kirkerommet med hilsner.

Ordning for vigsling av kyrkjebygg

1. Det er biskopen som tillyser og er ansvarleg for vigsligsgudstenesta. Biskopen er hovudliturg og leier vigslingsgudstenesta frå byrjing til slutt.
2. Ordning for vigsling av kyrkjebygg følgjer Ordning for hovudgudsteneste med dei endringar som går fram i det som her følgjer. Kyrkjebygg og inventar vert vigsla gjennom heile gudstenesta, ved å verta teke i bruk, ved lesing og bøn.
3. Under ledd 2 | Inngangssalme, går prosesjonen inn i kyrkja under preludiet. Under prosesjonen kan alle klokkene ringja, eller det kan kimast.

Prosesjonskrossen vert boren fremst i prosesjonen. Lys, tekstbok, dåpskanne med vatn, disk og kalk med brød og vin, vert også bore inn. Ein kan også bera inn andre deler av interiøret dersom ein finn det føremålstenleg, slik som tekstilar og høveleg teknisk utstyr. Liturgiske objekt vert sette på plass der dei skal brukast.

4. Eit representativt utval frå kyrkjelyden kan vera medliturgar og tekstlesarar.
5. I ledd 8 kan tekstar og bønner utelatast, bytast eller leggjast til. Rekkefølga kan også endrast. Dette gjeld dersom særskilte omsyn tilseier det, slik som korleis kyrkjerommet er bygt, inndelt og vert brukt, om det er orgel eller andre faste instrument, tekstilar eller andre objekt som kan framhevast.
6. Under ledd 8 syng ein eitt eller to salmevers etter kvar av lesingane og bønene. Ein kan syngja frå same eller fleire høvelege salmar. Det kan også høva med korsong eller annan musikk mellom bøn og lesing, alt etter dei lokale forholda.
7. Ein kan gå til aktuelle stader i rommet under ledd 8. Men ein kan også be alle bønner frå altar eller lesepult.
 - Tekstlesaren kan lesa tekstane frå lesepulten eller frå annan stad (til dømes inngangsdøra, preikestolen etc.).
 - Ein kan be bønene ved altaret eller på annan oppgitt stad.
8. Utgangsprosesjonen i ledd 24 markerer avslutninga av gudstenesta før ei eventuell samling med helsingar i kyrkjerommet.

I. Samling

1 | Førebuing

Klokkene ringjer.

2 | Inngangssalme

Prosesjonen går inn under inngangssalmen eller ein bibelsk salme med høveleg kyrkjelydsomkvad. Under prosesjonen kan det ringjast med alle klokker eller det kan kimast. Kyrkjelyden står medan prosesjonen går inn, under inngangssalmen og fram til etter ledd 3, Helsing.

3 | *Helsing

Helsinga vert halden frå lesepulten eller annan høveleg stad.

B/L | Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

ELLER

B/L | Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage andes samfunn vere med dykk alle.

ELLER

B/L | I namnet åt Faderen og (+) Sonen og Den heilage Ande.

ELLER

B/L | I namnet åt Faderen og (+) Sonen og Den heilage Ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Inngangsorda held fram:

All jorda er full av Guds herlegdom. Dette huset vert i dag vigsla til ein heilag stad for Gud og menneske.

Kyrkjelyden set seg.

4 | **Samlingsbøn**

Følgjande samlingsbøn kan lesast frå lesepulten eller annan høveleg stad.

L/ML| Lat oss be:

Gud, vi er her saman for ditt andlet.

I skuggen av dine venger søker menneskeborna ly.

I denne kyrkja/dette kyrkjerommet skal vi høyra ordet ditt og feira dåp og nattverd.

Lat dette vera ein heilag stad der menneske møter din nåde og di sanning.

Hos deg er livsens kjelde. I ditt lys ser vi lys.

Kom med din Ande til alle som søker deg og denne kyrkja.

Gud, vi ber,

A| Amen.

5 | **Synsvedkjenning**

Kjem her eller som ledd 14, jamfør lokal grunnordning.

6 | **Bønerop KYRIE og 7 | Lovsong GLORIA**

Gloria skal vera med i vigslingsgudstenesta jamvel om gudstenesta vert feira i fastetida. Gloria skal helst syngjast i fullstendig form.

II. Vigsling ved lesing og bøn

8 | Lesing og bøn

Biskopen går for altaret.
Kyrkjelyden sit under lesinga og bønene.

Under lesing og bøn er biskop/liturg vend mot kyrkjelyden og den staden der det vert lese frå.
Biskop/liturg kan også be bønene frå dei aktuelle stadene i rommet.

Innleiande bøn

B vend mot kyrkjelyden | Lat oss be!

B vend mot altaret | Gud, velsign denne kyrkja/dette kyrkjerommet og alle som kjem hit.
Lat henne / det vera ein stad for å tru og å høyra til.

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til inngangsdøra.

Klokkene

Her kan det koma lesing og bøn for klokkene.

Lesing

ML| Jesus seier: Den som kjem til meg og høyrrer orda mine og gjer det dei seier, eg skal visa dykk kven han er lik. Han er lik eit menneske som ville byggja eit hus, og som grov djupt og la grunnmuren på fjell. Då flaumen kom, braut straumen mot huset, men kunne ikkje rikka det, for det var godt bygd. **LUK 6, 47-48**

Bøn

B/ML| Lat oss be:
Gud, lat desse klokkene forkynna din kjærleik.
Lat dei kalla oss saman i gode og vonde dagar.
Lat dei lyda det evige livet.

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til inngangsdøra.

Inngangsdør

Lesing

ML| Det står skrive i Første Kongebok i det åttande kapittelet:

[Då tempelet i Jerusalem skulle vigslast] Så stod Salomo fram for Herrens altar midt framfor heile Israels forsamling. Han breidde hendene ut mot himmelen og sa: Herre, Israels Gud! Det finst ingen Gud som du, korkje oppe i himmelen eller her nede på jorda.

Men bur Gud verkeleg på jorda? Sjå, himmelen og himlars himmel kan ikkje rømme deg, langt mindre dette huset som eg har bygd!

Hald auga dine opne over dette huset natt og dag. Vak over den staden der du har lova at namnet ditt skal bu.

Då skal alle folk på jorda sanna at Herren er Gud, han og ingen annan.**1. KONG 8, 22-23A.27.29A.60**

Bøn

B/ML| Gud, kom med din heilage Ande og opna hjarta våre!

Del av salme eller annan musikk.

Tekstlesaren og den som ber bøna, kan gå til midtgangen.

Skipet

Lesing

ML| Det står skrive hos evangelisten Matteus i det attande kapittelet:

Jesus seier: For der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei. **MATT 18, 20**

Bøn

B/ML| Gud, du er midt iblant oss. Gjer oss til ein bustad for ditt nærvær. Lat alle som kjem til dette huset/rommet oppleve tryggleik og fellesskap!

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til preikestolen.

Preikestol

Lesing

ML| Det står skrive hos evangelisten Matteus i det fjerde kapitlet:

Jesus svara: «Det står skrive: Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som går ut frå Guds munn.» **MATT 4, 4**

Bøn

Under bøna kan tekstbok eller bibel løftast.

B/ML| Gud, du er Ordet frå æva som vart menneske. Lat evangeliet lyda klårt og reint frå denne preikestolen.

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til altaret.

Altar

Lesing

ML| Det står skrive i Paulus sitt første brev til kyrkjelyden i Korint, i det tiande kapitlet.

Velsigningsbegeret som vi velsignar, gjev det ikkje del i Kristi blod? Brødet som vi bryt, gjev det ikkje del i Kristi kropp? Fordi det er eitt brød, er vi alle éin kropp. For vi har alle del i det eine brødet. **1 KOR 10, 16-17**

Bøn

Under bøna kan disk og kalk løftast.

B/ML| Gud, du tar imot våre bøner, våre sorger og våre gleder. Du møter oss gjennom mysteriet i nattverden. Lat dette altaret vera ein stad der vi får del i livsens brød og velsignelsesbegeret.

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til orgelet eller anna fast instrument.

Orgel eller anna fast instrument

Lesing

ML| Det står skrive i Salmane (i Det gamle testamentet), Salme 150:

Lovsyng Gud i hans heilagdom! Lov han med gjallande horn. Lov han med harpe og lyre. Alt som har ande, skal lova Herren. **SALME 150, 1A.3.6**

Bøn

B/ ML| Gud, du som lar lovsongen tona frå munnen til småborn og spedborn, lat oss spela og syngja med kraft og glede og fylla denne kyrkja/ dette kyrkjerommet med ny song.

Del av salme eller annan musikk

Tekstlesar og den som ber bøna, kan gå til døypefonten.

Døypefont

Lesing

ML| Det står skrive i evangeliet etter Matteus, i det tjuettäande kapittelet:

Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» **MATT 28, 18-20**

Bøn

Ein kan hella dåpsvatn i døypefonten under bøna.

B/ ML| Gud, du gir liv og ånd til stadig nye slekter.

Takk for at dåpsvatnet er ei nådekjelde.

Lat dei som vert døypte ved denne døypefonten, verta reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus. I Jesu Kristi namn. Amen.

Del av salme eller annan musikk

Dersom biskopen har bedt bønene kringom i rommet, går biskopen no til altaret.

Avsluttande bøn

B| Gud, lat denne kyrkja / dette kyrkjerommet og alt som høyrer til her, bli til glede, trøyst og fellesskap, så det som skjer på denne heilage staden kan bera bod om dine storverk, skapa fred, vitna sant og byggja rettferd.

Gud, vi ber

A| **Amen**

Del av salme eller annan musikk

Alle som har lese tekst og bedt bønner set seg under denne salmesongen eller musikken. Dersom det er dåp i gudstenesta, kan dette musikalske leddet bytast ut med dåpssalme.

III. Evangelium

9 | Hallelujaomkved og lesing av evangeliet

Halleluja

Lesing av evangeliet

L/ML | Det står skrive i evangeliet etter ...

Lesinga vert avslutta med:

L/ML| Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

10 | Preike

Biskopen held ei preike over evangelieteksten eller annan høveleg bibeltekst.

Preika kan avsluttast med ei av desse lovprisingane:

B | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og blir éin sann Gud frå æve til æve.

Eller:

B | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Etter preika følgjer musikk. Dersom det er eit nytt / nye instrument til vigslinga, kan det/dei med fordel få lyda her. Dersom det ikkje er instrument i kyrkja, syng ein a cappella eller lyttar til korsong.

Vigslingsgudstenesta held fram etter lokal grunnordning til ledd 23| Slutningsord.

23 | Sluttord

B | Kjære kyrkjelyd! Denne kyrkja (dette kyrkjerommet) og alt som høyrer til i den (det) er no teke i bruk; vigsla og helga ved Guds ord og bøn. Fred vere med dette huset (rommet) og med alle som går inn og ut her!

Sluttorda vert avslutta med:

I namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande: Vår skapar, frigjerar og livgjevar.

Her kan følgja:

B | Lat oss gå i fred,

A | **i Jesu Kristi namn.**

Eller:

B | Gå i fred! Ten Herren med glede!

24 | Postludium/Utgangsprosesjon

Liturgar og medverkande går ut i prosesjon.

Utgangsprosesjonen markerer avslutninga av gudstenesta før ei eventuell samling i kyrkjerommet etterpå med helsingar.